

Internasjonal vidaregåande skule

Tilbod om eit skuleår i utlandet

**Elevar som tek Vg1 på Studiespesialiserande utdanningsprogram
i år, kan ta Vg2 i Skottland neste år.**



Møre og Romsdal
fylkeskommune



HARAM
VIDAREGÅANDE
SKULE

Internasjonal vidaregåande skule

1. Innleiing

Internasjonal vidaregåande skule er eitt av undervisningstilboda til Møre og Romsdal fylkeskommune. Søkjarane må vere elevar i Vg1 på utdanningsprogram for Studiespesialisering (ST) eller Studiespesialisering internasjonal, og velje enten språk/samfunnsfag/økonomi eller realfag. Tilbodet blir administrert av Haram vidaregåande skule, og er godkjent av HK-Dir (Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse) og Statens Lånekasse for utdanning.

Ordninga går ut på at ei gruppe elevar frå Møre og Romsdal fylke går på samarbeidsskulen vår Clifton Hall i Edinburgh, Skottland i eit heilt skuleår.

Skuleåret tel som Vg2 i utdanningsprogram for Studiespesialisering. Etter året i utlandet kjem elevane tilbake til norsk vidaregåande skule, og held fram i Vg3.

Elevar som nyttar seg av denne ordninga, kan såleis gjennomføre den vidaregåande utdanninga si på dei vanlege tre åra, samstundes som dei skaffar seg verdifull internasjonal studieerfaring.

Studietilbodet i Skottland er eit eineståande tilbod for elevar frå Noreg, men det er krevjande, og stiller store krav både til elevane sine evner til omstilling og til sjølvstendig, og målretta arbeid.

2. Samarbeidsskulen i Skottland, Clifton Hall

Elevane frå Noreg får gå på samarbeidsskulen vår Clifton Hall i Edinburgh, som er ein privat skule. Skulen har eigen kontaktlærarar, som følgjer opp dei norske elevane.

Eit viktig mål for skuleåret er å vere i eit miljø som fremmar læring av engelsk, og all undervisning er sjølv sagt på engelsk.

Heimesida til Clifton Hall School: www.cliftonhall.uk

3. Fagvalet til elevane

Samarbeidsskulen vår tilbyr fag som elevane kan bygge vidare på i Vg3 når dei kjem tilbake til Noreg. Dei vil få hjelp til å velje tre programfag, framandspråk og matematikk, slik at dei oppfyller krava innanfor programområdet sitt i Studiespesialiserande utdanningsprogram. I både norsk og historie vil elevane få konsentrert undervisning, organisert i nokre samlingar medan dei går på skule i Skottland. Desse faga har eksamen etter Vg3, og elevane må vere budde på ein god del sjølvstudium. Elevane er og garantert undervisning i framandspråka tysk eller spansk.

4. Vertsfamiliar

Samarbeidsskulen og koordinatorane våre skaffar vertsfamiliar for elevane frå Noreg. Elevane bur i private heimar som betalande gjestar, dvs. at dei betalar ein pris som dekker husrom, mat (frukost og middag), oppvarming og ei rimeleg mengd klesvask i dei vekene som inngår i undervisningsåret. For opphald i vertsheimen utover dette, avtalar og betalar eleven ekstra. Elevane kan ta imot besøk frå familien heime i helgar og feriar, men då skal overnatting skje på hotell el. l. og avtalast med koordinatoren.

Pris for hus og mat: 140 pund pr. veke i inneverande skuleår.

Elevane får bortebruarstipend frå Statens Lånekasse.

5. Norsk kursleiar

Studietilbodet i Skottland har ein norsk kursleiar som har ansvaret for

- kontakt med skulane i Skottland
- avvikling av samlingane (sjå punkt 6)
- oppfølging av elevane
- administrasjon

Kursleiar kjem til Skottland fleire gonger i løpet av skuleåret, og elles står kontaktlærarane i Skottland til disposisjon for dei norske elevane dersom dei treng hjelp. Kursleiar held kontakt med elevane pr. e-post, telefon og Teams. Skulle det vere særleg trong for det, vil kursleiaren kunne reise til Skottland på kort varsel.

6. Samlingar

Det vert arrangert ulike samlingar for elevane som vert tekne ut til studietilbodet i Skottland.

- Eit møte for elevane og foreldre/føresette i mai/juni, kort tid etter at elevane er valde ut. På dette møtet blir det gjennomgang av alle dei praktiske sidene ved opplegget.
- Ei oppstartsamling i starten på skuleåret i Skottland i regi av Clifton Hall. Denne har som føremål å bli kjent, og inneheld ulike praktiske aktivitetar. Elevane må rekne med ei utgift på kr 4000 for denne samlinga (valfritt å delta).
- Eigne samlingar med undervisning i norsk og historie for Vg2, samt samtale med kontaktlærar. Desse samlingane vert gjennomførte på Clifton Hall.
- Clifton Hall har fleire turar og arrangement i løpet av året som elevane kan melde seg på (frivillig). Betaling for desse er etter avtale med Clifton Hall.

7. Reisa til Skottland

I slutten av august reiser elevar og kursleiar saman til Skottland. Reisa går med fly til Edinburgh. Haram vidaregåande skule ordnar det praktiske med denne reisa og med heimreisa til jul, men elevane må sjølve betale billettane. Til reiser elles i skuleåret, må elevane ordne med billetter sjølve. Alle elevane får eit reisestipend frå Statens lånekasse, men mesteparten av reiseutgiftene må ein betale sjølv.

8. Skuleåret i Skottland

Skuleåret i Skottland har tre terminar. Start- og sluttdatoane er om lag slik:

Termin 1:	Hausten 2026 fram til jul
Termin 2:	Januar 2027 fram til påske
Termin 3:	Etter påske 2027 fram til juni

I og mellom terminane er det ferie (om lag 2 veker haustferie, 3 veker ved jul/nyttår og 2 veker påskeferie).

Alle reiser heim i oktober, til jul og til påske.

Elevane har også andre fridagar i løpet av skuleåret. Desse finn de på Clifton Hall si heimeside.

9. Statens Lånekasse og økonomi

Utdanningstilbudet er finansiert av Møre og Romsdal fylkeskommune, og gir rett til støtte frå Statens Lånekasse. Eigenandelen til skulepengane (15 %) er dekt av fylket, og resten av skulepengane (85 %) får elevane dekt gjennom søknad til Lånekassen.

Den einskilde eleven må sjølv dekke bu-utgiftene på 140 pund pr. veke, men her dekker bortebruarstipendet det meste av utgiftene.

Det kan kome utgifter til samlingar, reiser og nokre utgifter til t.d. materiell og skuleuniform som elevane må betale sjølve.

Ein kan søkje Lånekassen om stipend etter behovsprøving.

10. Helsetenester for elevane i Skottland

Etter Brexit må utanlandske elevar ha visum for å kunne opphalde seg i Storbritannia eit skuleår. I samband med visumsøknaden må kvar einskild betale helseforsikring, og fylket dekker utgiftene til både visum og helseforsikring. Dersom eleven har helseutfordringar, er eleven med føresette ansvarleg for å opplyse om dette i søknadsprosessen, slik at ein kan legge best mogleg til rette for eleven.

For å få visum treng eleven biometrisk pass samt fødselsattest.

11. Møre og Romsdal fylke sitt ansvar for elevane - Forsikring

Møre og Romsdal fylkeskommune bestiller og dekker eiga reise-/heilårsforsikring for elevane ved studietilbudet i Skottland. Fylket dekker og utgiftene til visum.

12. Søknad

Elevar som søker plass på dette studietilbudet skal søkje på vanleg måte gjennom fellesinntaket i VIGO. Søknadsfristen er 1. mars. Møre og Romsdal fylke har eigne kodar for dette tilbudet.

I tillegg skal elevane fylle ut eit eige søknadsskjema og motivasjonsbrev på engelsk, som skal sendast til Haram vidaregåande skule.

Inntaket vert gjort av Inntakskontoret i samarbeid med Haram vidaregåande skule, og vert gjort på grunnlag av karakterar, motivasjonsbrev og intervju. Aktuelle elevar blir kalla inn til eit intervju som går føre seg på engelsk, og dei som vert tilbydd plass må starte søknadsprosessen for å få visum så snart som råd. Dette vil det bli informert om på møtet for elevar og foreldre/føresette i mai/juni.

13. Vitnemål

Etter skuleåret i Skottland vil elevane få dokumentasjon som viser fag og eksamensresultat frå skulen i Skottland, og dei vil få ei stadfesting av skulegangen i utlandet frå Haram vidaregåande skule. Etter fullført og bestått Vg3 vil elevane få vitnemål for vidaregåande opplæring i samsvar med dei reglane som gjeld for godkjenning av eit skuleår i utlandet.

14. Administrasjon

Tilbodet vert administrert av Haram vidaregåande skule.

Meir informasjon om dette opplæringstilbodet får du ved å kontakte:

Haram vidaregåande skule
Skuleråsa 10
6270 BRATTVÅG

Telefon 71 28 17 00
E-post www.haram.vgs@mrfylke.no
www.haram.vgs.no

Vg2 ST i Skottland



Princes Street, Edinburgh



Tattoo, Edinburgh



Edinburgh



Aktivitet oppstartsveka



Aktivitet oppstartsveka



Weekendtur i Nord-Skottland



Velfortent pause i kantina



The Norwegian Class at Armadale



Øving for eit av skulebanda



Gode anlegg, eigen idrettshall



Skulen har egne fotballbaner



Skulen har eigen svømmehall



Proms



Eit Vg2 år i Skottland?



17. mai feiring i Edinburgh